

## VELKOMEN TIL KELTISK RETREAT!

Her i nordvest er våre røtter keltiske. På dei britiske øyane slo den kristne trua tidleg rot i folkelivet. Keltisk kristendom hadde eit positivt forhold til skaparverket. Ein såg naturen og alt liv som eit spegelbilette av Skaparen. I vår tid gjev mange gamle keltiske bønner, legender og skrifter og songar inspirasjon til ei livsnær og gudsnær kvardagstru.



**Harald Forland** er sokneprest i Erdal på Askøy ved Bergen, tidlegare prest i Gloppen, og har vore med i styret for Holmely.



**Brit Lundby Hilde** bur Innvik i Stryn, er frivillig ressursperson for Holmely og retreatleiar. Brit har delteke på keltisk retreat på Lindisfarne, i Nord-England, og vil knytte linjer til Sunniva-legenda. «Pilegrimsrørsla er styrka i Noreg dei siste åra, og det er viktig at tradisjonane rundt St. Sunniva vert utvikla vidare,» sa statsråden ved utdelinga av eit stipend Brit fekk for å gå i St. Sunniva sine fotspor på Selja.



**Sølvi Helen Hopland:** Songstund med Sølvi som syng keltiske songar med oss, både eigne songar og leier fellessong frå norsk salmebok. Ho er kjent for ulike cd-ar og driv Ulvesund fyr ved Måløy.

Vi samlast torsdag ettermiddag 29. juni til kveldsmat kl. 18.30. Fredag ettermiddag vert turen til Selja hovudprogram: Vi reiser med båt frå Selje sentrum til Bø. På øya vert det leia pilegrimsvandring fram til klosterruinane med stasjonar til bøn og ettertanke. Vi avsluttar i Sunnivahola med nattverd. Ta med godt fottøy og kle for allslags vêr, dagstursekk og gjerne termos til varm drikke. Det tek ca. 25 minutt å gå på god sti frå båten, og vi skal klatre opp vel 70 trappetrinn i naturstein til terrassane.

Søndag. 2. juli deltek retreatgruppa på **Seljumannamesse**.

## FRÅ DAGSPROGRAMMET PÅ HOLMELY

som det er frivillig å delta i:

- Tause måltid med musikk
- Faste tidebønner i kapellet morgon-, middags- og kveldsbøn med tilbod om nattverd kvar dag.
- Meditasjon over ein bibeltekst
- Keltisk tema
- Stille andakt i kapellet
- Kveldssamling med delestund



## KVA ER RETREAT?

På retreat er dagsrytmen lagt opp for å gje oss sjansen til å lytte «innover» og «oppover». Vi ønskjer å gje den einskilde høve til å bli betre kjent med seg sjølv og Gud. Vi har stille tid frå kveldsbøn over til neste dag med morgonbøn, frukost med musikk og Jesusmeditasjon.

Nokre avtalar for fellesskapet vil hjelpe oss til dette:

- vere på fornamn
- gje kvarandre fred
- fri frå media og mobiltelefon
- faste plassar ved matbordet og i kapellet
- høve til personleg samtale med leiargar
- tid til tur og/eller kvile

**Prisar:**

Opphald for 3 døgn: kr 2 700 for dobbelrom,  
kr 2 900 for enkeltrom m/oppreidd seng og  
full pensjon og pilegrimsvandring til Selja.

Betalast over giro: 3000 14 72204

Seljumannamesse (båt kr 200) i tillegg.

[www.seljumannamesse.no](http://www.seljumannamesse.no)

**Påmelding** seinast ei veke før  
arrangementet startar til:

Holmely

6711 Bryggja

Tlf. 57 85 34 25

e-post: [holmely@normisjon.no](mailto:holmely@normisjon.no)

**Medarrangør:** Bjørgvin Bispedøme

**HOLMELY** ligg på Bryggja i Nordfjord og har gode  
buss/båtsamband frå/til Bergen og buss frå/til Oslo,  
Trondheim og Ålesund. Velkomstbrev vert sendt ut  
etter påmelding med meir opplysningar.  
Interesserte kan også få informasjon hos  
Brit på mobil 91109933 eller [bluhilde@enivest.net](mailto:bluhilde@enivest.net)



*Brit, frå pilegrimsvandring på Selja.*

# ***KELTISK RETREAT***

## ***PÅ HOLMELY***

### ***29. juni - 2. juli 2017***



### ***MED PILEGRIMSVANDRING PÅ SELJA***